# FELLESRÅDET 1.09.2026

Universell utforming var drøfta i fellesrådet 20.05.26. Bakgrunn for saka var rapport etter bispevisitas der det gjekk fram at fellesrådet måtte sjå nærare på universell utforming i kyrkjene.

Saka var handsama i Sveio sokneråd 20.05.2026 . Sidan situasjonen er ganske lik for kyrkjene våre (Eikeland kapell har langt på veg universell utforming) blir dokumentet som vart handsama i Sveio, lagt fram for fellesrådet.

Forslag til vedtak i Sveio fellesråd:

1. Soknerådet for Førde og Valestrand utarbeider kartlegging som syner situasjonen med omsyn til universell utforming ved kyrkjene i nord og Eikeland kapell. Kartlegginga kan i neste omgang leggjast ut på heimesidene til Sveiokyrkja.

2. Fellesrådet ber kyrkjeverja søkja råd hjå Bjørgvin bispedømme om korleis universell utforming kan sikrast til alter i alle tre kyrkjene i Sveio innanfor eksisterande regelverk.

3. Fellesrådet ber kyrkjeverja sjekka kva støtteordningar det kan vera mogeleg å søkja på for å sikra universell utforming.

Sveio, 24.08.26

Solfrid Lier Habbestad

# TILPASSING AV KYRKJENE VÅRE FOR PERSONAR MED FUNKSJONSNEDSETTINGAR

## 1. TILPASSING AV KYRKJER FOR PERSONAR MED FUNKSJONSNEDSETTINGAR

Den norske kyrkja tydeleggjer at tilpassing av kyrkjer for personar med funksjonsnedsettingar handlar om universell utforming, fysisk tilgjenge og inkluderande fellesskap. Målet er at alle skal kunne delta på lik linje, uavhengig av fysiske eller kognitive føresetnader.

I denne samanheng må ein sjå nærare på:

- Kyrkjebygg, soknehus og gravplassar
- Informasjon, f.eks. nettsider og eit eventuelt kyrkjelydsblad
- Gudstenesta og andre kyrkjelege arrangement
- Kyrkjeleg undervisning

**Fysisk tilrettelegging handlar om:**

- Ramper og trinnfrie løysingar ved inngongar og opp til alterpartiet.
- Automatiske døropnarar på tunge kyrkjedører.
- Handicap-toalett med god plass og varslingsalarm.
- Faste plasser for rullestolar  med god sikt og plass i kyrkjerommet.
- Auracast – nyare «digital teleslynge» basert på Bluetooth-teknologi.  (Dei som har høyreapparat med mottakar av Auracast vil kunne få lyden direkte inn i øyra– andre må låna litt ekstrautstyr i kyrkja.) «Gammaldags» teleslynge for brukarar av høyreapparat kan vera eit alternativ, men ikkje alle nye høyreapparat støttar denne løysinga.
- Tiltak for blinde og svaksynte.

## 2.  KORLEIS ARBEIDA MED FUNKSJONELL UTFORMING AV KYRKJEBYGG

Kyrkjelyden har ansvar for å sjå til  universell utforming. Når det gjeld økonomi og prosessar knytt til fysiske endringar av kyrkja og kyrkjerommet, ligg ansvaret hjå kyrkjeleg fellesråd og kyrkjeverja**.**

For mange vil ei vitjing i kyrkja starta med å henta inn informasjon før dei reiser frå heimen, noko  som for det meste er å sjekka nettsidene til kyrkja. Nettsidene må såleis vera tilgjengelege og oppdaterte for publikum, også når det gjeld universell utforming.

På nettsidene må det vera god informasjon om korleis ein kan parkera eller bli sett av ved kyrkja, korleis det er mogeleg å forflytta seg, kor ulike fasilitetar og hjelpemidlar er å finna, kva ein kan forventa i møte med dei som er ansvarlege for arrangementet, kor ein  kan sitja mm

Om det skal tenkjast heilskap, handlar universell utforming også om vedlikehald og fjerning av snø, opplæring av kyrkjevertar, kyrkjetenar/ vaktmeister og ikkje minst liturg og andre medverkande i kyrkja.

## 3. AVGRENSING OG PRIORITERING I ARBEIDET MED UNIVERSELL UTFORMING

Universell utforming er omfattande og mykje er på plass innan dette området i kyrkja vår. Likevel var det påpeika frå biskopen i Bjørgvin etter siste bispevisitas, at me bør sjå nærare på dette feltet.

Det er naturleg å starta med ei kartlegging av situasjonen, skissera ambisjonane og behova så godt som mogeleg.

Kartlegginga handlar om å finna ut kva endringar som bør gjerast med bygningane for at alle brukarar skal kunne oppleva og bruka desse på ein så god måte som mogeleg ut frå sine føresetnadar. I like stor grad handlar det om å finna ut kva som er på plass og fungerer godt slik situasjonen er nå.

Det kan såleis i første omgang prioriterast å sjå nærare på den fysiske tilrettelegginga for rørslehemma, men og drøfta nærare om det er trong for investeringar som gjeld personar med nedsett hørsel, syn og orienteringsevne.

Kartlegginga kan i neste omgang leggjast ut på heimesidene som informasjon til brukarane av kyrkjebygg og soknehus. (Sjå vedlegga)

Om noko skal gjerast for å sikra trappefri tilkomst til alteret, kan det bli krevjande. Sidan Sveio kyrkje er listeført, må det søkjast kompetanse hjå bispedømmekontoret om korleis dette kan gjerast innan lovverket. Truleg er det rampe eller ein eller annan form for heis som må til for å få dette i orden (Sjå bilete på siste sida).

Fakta-og idegrunnlaget for denne saka er i all hovudsak henta frå:

- Ressursbanken.kirken.no: «Hvordan jobbe med universell utforming?»
- Riksantikvaren: «Prosessveileder for universell utforming av freda og verneverdige bygningar og anlegg.»

Saka blir med dette lagt fram for soknerådet for vidare drøfting og vedtak om trong for prioritering av tiltak.

Sveio, 18.08.2026

Solfrid Lier Habbestad

SVEIO KYRKJE: FYSISK TILRETTELEGGING VEDLEGG 1.

| GJELD | STATUS | |
|---|---|---|
| **NEDSETT RØRSLEFUNKSJON** | | |
| Ankomst | | |
| HC-parkering | Like ved porten som går inn til kyrkjeområdet eller på parkeringsplass ved soknehuset | OK |
| Frå parkering til trappefri inngong ved langsida som vender ut mot gravplassen | Kort veg. Heller er lagt i singelen for å gjera det enklare med rullestol, rullator eller barnevogn | OK? |
| Rampe opp til inngangsdør | Blir i dag nytta til rullestolar, barnevogner og rullatorar. | OK |
| Inngangsdør | Brei nok for rullestol og barnevogn, men har ikkje automatisk døropnar | Tiltak døropnar |
| | | |
| **Kyrkjerommet** | | |
| Plass til rullestolar | Like innanfor den trappefrie inngongen. Plassane er innlemma i benkeradene og er lokalisert midt i kyrkja. Det er god plass for rullestol framme i kyrkja. | OK |
| Kyrkjeskipet | Er stort sett utan trappetrinn, men det er to trappetrinn opp til alteret. | OK- |
| Trappene opp til alteret | Nattverd blir for det meste gitt i den trappefrie sona nedanfor dei to trappene. Kyrkja har to skinner som kan nyttast for rullestol om ein skal delta i kyrkjelege handlingar ved alteret. Gi beskjed på førehand om det er trong for skinnene. | Tiltak |
| HC-toalett | Er plassert med inngong frå våpenhuset | OK |
| | | |
| **NEDSETT SYN OG EVNE TIL ORIENTERING** | | |
| Salmebøker med stor skrift | Kyrkja har salmebøker med stor skrift | OK |
| Ledelinje | Kyrkja har ikkje ledelinjer, men faste benker og teppekantar i midtgangen kan vera til hjelp for å finna fram og hindra samanstøyt. | OK |
| **NEDSETT HØRSEL** | | |
| Akustikk | God når mikrofonar er i bruk | OK |
| Auracast/Wifi | Kyrkja har Wifi, men ikkje auracast | ? |
| Teleslynge | | ? |
| Innhald i gudstenesta | Salmenr på tavle eller i skriftleg program Liturgihefte blir delt ut ved inngang eller av kyrkjevertar | |

NB! Brannalarm, dørtersklar, skilt????

VEDLEGG 2.

SVEIO SOKNEHUS : FYSISK TILRETTELEGGING.

Soknehuset er ganske nytt (10 år) og prinsippa for universell utforming blei lagt til grunn ved bygging av huset.

| **GJELD** | **STATUS** | |
|---|---|---|
| **NEDSETT RØRSLEFUNKSJON** | | |
| Ankomst | | |
| HC-parkering | På parkeringsplassen, få meter frå inngang | OK |
| Frå parkering til trappefri inngang | Kort veg og asfalt som vegdekke. | OK |
| Inngangsdør | Brei nok for rullestol og barnevogn og har automatisk døropnar | OK |
| **Forsamlingssal og ungdomsrom** | | |
| Plass til rullestol | God plass til rullestol i salane | OK |
| Dørtersklar | Ikkje dørtersklar | OK- |
| Scene | Rampe opp til scene | OK |
| HC-toalett | Er plassert med inngang frå gangen | OK |
| | | |
| **NEDSETT SYN OG EVNE TIL ORIENTERING** | | |
| Sangbøker med stor skrift | Her er sangbøker med stor skrift | OK |
| Ledelinje | Huset har ikkje ledelinje | OK |
| **NEDSETT HØRSEL** | | |
| Akustikk | God når mikrofonar er i bruk | OK |
| Auracast/Wifi<br>Teleslynge | Huset har Wifi, men ikkje auracast.<br>Huset har teleslynge | OK |





